



**Delta i debatten,
skriv til oss!**



Send ditt innlegg til: debatt@nationen.no

Innlegg kan også sendes per post til Nationen, Postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo. Merk konvolutten «debatt». Innlegg som sendes elektronisk blir prioritert.

Tekstlengder:

Kronikk: Maks 5000 tegn med mellomrom.

Leserinlegg: Maks 2000 tegn med mellomrom

Kun bestilte kronikker honoreres. Redaksjonen forbeholder seg retten til å redigere og forkorte innsendt stoff og til å publisere det elektronisk.

KRONIKK



Uår i USA: I forgrunnen eit forlatt gardsbruk i delstaten Washington under «dust bowl»-uåra på 30-talet. Fotografen Dorothea Lange noterte følgjande kommentar frå ein bensinstasjon i nærleiken: «Vel, helsiken, storbøndene kjøper ut småbøndene og tek over landet.»

FOTO: DOROTHEA LANGE/US LIBRARY OF CONGRESS

Lite er stort for landet vårt

Kor stort er stort nok, spør Wenche Dramstad på Landbruksbloggen den 30. mars. Seinare reflekterer Dag Jørund Lønning kring kva den «ideologiske storheitsdyrkinga» fører med seg. Og i skrivande stund les me Kari Gåsvatn sin glitrande kommentar om korleis «vekstmodellen stangar i taket». Alle desse tekstane og fleire med dei, syner oss at jamt fleire uroar seg om kva veg jordbruket skal gå og om kor store norske gardsbruk skal bli.

Midt i den heimlege debatten kan det vere fruktbart å sjå til USA. Alt før nokon kjente til dei negative miljøkonsekvensane av storskala jordbruk – før forureining av vassdrag og grunnvatn som overgjødsla og sprøytemiddelbruket drog med seg, før ein kjente omfanget av det tapte biologiske mangfaldet – så fanst det kritiske stemmer som såg med uro på utviklinga mot jamt større bruk i det frie Amerika.

Med «The Dust Bowl» og 30-talets sandstormar fekk Midt-Vesten bodskapen om kva ukontrollert vekst i jordbruket medførte. Over

AMERIKA

«Bygdene er tydleg prega av låg sosial og human kapital. Og årsaka er den økonomiske strukturen i det industrielle jordbruket.»

halvparten av matjorda forsvann i støvet og tusenvis av amerikanske jordbruksfamiljar vart tvinga frå gard og grunn og dømt til eit liv i fattigdom. Og ei rekkje framstående samfunnsforskarar, politikarar og debattantar tok etter kvart til orde for å bremse veksten i bruksstorleik.

Etter siste verdskrig tinga den amerikanske regjeringa ei rekkje studiar for å undersøkje dei sosiale og økonomiske konsekvensane av industrialiseringa og oppskaleringa av jordbruket. I The Central Valley i California gjorde Walter Goldschmidt ei samanliknande studie av jordbruksregionar som var like i alt med unnatak av bruksstorleiken. Ein region med 722 bruk og ein gjennomsnittleg storleik på 230 mål vart samanlikna med ein region av 133 bruk og ein bruksstorleik på litt over 2000 mål.

Sjølv om den økonomiske verdiskapinga frå jordbruket var tilnærma lik i dei to regionane, var likevel den økonomiske verdiskapinga i regionen nær dobbelt så stor der bruka var minst. Fleire små bruk bidrog til større økonomisk aktivitet regionalt, bøndene kjøpte varer og tenester frå lokale tilbydarar og la grunnlaget for ei vital symbiose mellom små og mellomstore føretak og jordbruket. Her florerte det lokale næringslivet og småbedrifter vart løfta fram ved å sørve dei mange gardsbruka. Her var levestandarden høgre og godane var jannare fordelt i befolkninga. Også dei of-

fentlege tenestane som skule, helse og omsorg var betre i regionane med fleire mindre gardsbruk.

Regionen med færre og større gardsbruk derimot, skåra dårlegare på samlege av kriteria. Her var nær to tredjedelar av befolkninga definert som låglønna. Borna gjorde det dårleg på skulen og levealderen var vesentleg kortare. Det lokale næringslivet var mindre mangfaldig og stod svakare i konkurransen med tilbydarar utanfrå. Goldschmidt var klar i konklusjonen og hevdar at skilnadane skuldast ein einaste ting, nemleg; jordbrukseigedomane sin storleik.

Prinsippa i Goldschmidt sin studie finn støtte i ei serie tilsvarende studiar. Charles Wright Mills og Melville Ulmer sin studie av urbane lokalsamfunn, også frå sist på 40-talet, syner mykje av det same. Byar prega av få store bedrifter hadde eit dårlegare velferdstilbod enn byar prega av mange små og mellomstore bedrifter. Og skilnaden vart forklart med dei ulike økonomiske strukturane. Sameleis finn Thomas Lyson, i ei studie frå 1990, at folks trivselsnivå heng saman med nivået på folk sitt samfunnsengasjement. Og det er eksistensen av mange små og mellomstore bedrifter som bidreg til å auke samfunnsengasjement, seier Lyson, og dermed også folk sin trivsel i neste omgang.

«Med industrialiseringa av landbruket vil den økonomiske makta bli konsentrert, og den amerikanske landsbygda slik me kjenner

den – prega av sosial og økonomisk likskap – vil forvitte framom augo våre». åtvare Goldschmidt. I dag, femti år etter, ser me at åtvaringane var svært presise. I 1999 fant rural sosiologen William Heffernan at det som brukte vere eit klassisk skilje mellom dei amerikanske jordbruksamfunna og gruvesamfunna er så godt som utviska. Han syner oss at oppskaleringa av det amerikanske jordbruket har marginalisert det rurale Amerika. Bygdene er tydleg prega av låg sosial og human kapital. Og årsaka er den økonomiske strukturen i det industrielle jordbruket.

Lærdomen frå USA ber i seg ein bodskap om at landbrukspolitikk handlar om langt meir enn einast å maksimere matproduksjonen. Det handlar om kva slags bygdesamfunn me ønskjer oss, og om kva slags land me ønskjer å bygge. Det handlar om menneskeverd og om å skape inntekter framfor utgifter. Me har empirisk lærdom om at den jamne vegen mot færre og større gardsbruk har ein svært høg pris. I kjølvatnet av det oppskalerte jordbruket ligg uttynna bygdesamfunn att og duppar i ein rus av brennevin og klimprar fram falske tonar på vørslitne banjoar i sin sakte piknik med døden.

Matthew Hoffman
Fulbright Scholar ved Norsk senter for bygdeforskning
Bjørn Egil Flø
Forskar ved Norsk institutt for bioøkonomi

NETT

Sagt på nationen.no

Om kravet I

«Men mat vil de vel ha alle som ein..... Billeg mat og kanskje !! Har ikkje bøndene krav på ei anstendig løn?? Det er moralsk forkasteleg at me importerer berre fordi me plaskar rundt i andedammen vår her i hjørnet på kloden!!! Me bør dyrke mest mogleg sjøl!!! Og kva skal me vise turistane??? Attgrodd kulturlandskap??»

Torill Ruud

Om kravet II

«Er det ikke det det er mest av i dette landet da? Vi må vel ha en sikkerhet for at det er noe å eta i dårlige tider her også, ikke bare satse på billigimport fra lavkostnadsland. Og det har vi sannelig råd til å betale for.»

Reidar Hagen

Om kravet III

«Ja, nå kommer de nye subsidiekravene! Det vil de ta fra min pensjon!»

Elling Knudsen

Om kravet IV

«Så vidt jeg veit går subsidiene til forbrukerne i form av billigere mat.»

Marit Sigdestad



Starten: Mandag la bondeliderne fram kravet sitt til årets jordbruksforhandling. FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN.

Sagt på Twitter

«Heldigvis er ikke @fivh en avtalepart i jordbruksforhandlingene.»

STEINAR STUPUL @STEINARBL

«Jordbruksforhandlingene er også et oppgjør om grunnleggende verdier i matproduksjonen, skriver @uneaba.»

DE GRØNNE @PARTIET

«Nå kom bøndenes krav: 860 mill i økt støtte. Kravet gjør at vi må betale mer for maten: 37 kr pr pers. Greit nok?»

YNGVE EKERN @YNGVEEKERN